



Voss herad

Framlegg til

## Retningsliner for straumstøtte til næringsverksemder i Voss herad

Voss herad har løyvd kr 2 mill kr til straumstøtte retta mot lokalt næringsliv. Søknadsfrist vert sett til 27. mars 2023.

1. Søknadsskjema som er utarbeidd for ordninga skal nyttast. Skjema vert å finna på Voss herad si neimesida
2. Verksemda må ha eige organisasjonsnummer og forretningsadresse i Voss herad. Det er eit krav for å søkja at verksemda fell utanfor etablerte, statlege straumstøtteordningar (slik som landbruk, veksthusnæring, idrettslag og frivillige org.)
3. Verksemda må ha tilsette.
4. Ordninga gjeld ikkje for verksemder der det er tatt utbytte i 2022.
5. Det vert ikkje gjeve tilskot til verksemder som får heile eller deler av drifta finansiert gjennom det offentlege.
6. Tilskotet gjeld ekstraordinære høge straumkostnader i perioden 01.09.22 – 28.02.23 samanlikna med perioden 01.09.21 - 28.02.22. Dokumentasjon skal leggjast ved søknad. Nedre grense for utbetaling er kr 5000.
7. Støtta kjem inn under " Forskrift om offentleg støtte". Grensa for kva ei verksemd ( konsernnivå ) kan ta imot er 200 000 EUR over 3 rekneskapsår. Søkjar er sjølv ansvarleg for å sikra at verksemda held seg innanfor regelverket om bagatellmessig støtte.

Voss, 20.02.2023